

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
postmottak@kmd.dep.no

Knarvik 8. februar 2016

Spørsmål om arbeidsgjevaravgift og ulike soner og kommunesamanslåing

I Nordhordland er no 8 kommunar i gong med forhandlingar for å sjå på om der er grunnlag for å gjere dette til ein kommune.

Dei 8 kommunane er i tre ulike arbeidsgjevaravgiftsoner:

Sone	Kommunar
1	Austrheim, Lindås, Meland og Radøy,
1a	Modalen
2	Fedje, Gulen og Masfjorden

For dei kommunane som ikkje er i sone 1, så er dette eit svært viktig distriktpolitisk tiltak og eit godt verkemiddel for å stimulere næringslivet i desse distriktskommunane.

I følge kommuneproposisjonen 2016 vil satsen på arbeidsgjevaravgift i den samanslåtte kommunen bli vidareført innanfor dei «gamle» kommunegrensene som om det fortsatt var to eller fleire kommunar, fram til neste revisjon. Neste revisjon vil gjelde frå 2021. Samanslåing av kommunane vil gjelde frå 2020.

Spørsmålet er om ein kommune også etter revisjonen kan ha fleir arbeidsgjevaravgift soner?

Kommunane er no i forhandlingar om eventuell samanslåing. Regionrådet i Nordhordland ønskjer difor ei rask avklaring om det kan vere aktuelt at ein ny kommune i Nordhordland som er samanslått av fleire, kan ha fleire arbeidsgjevaravgiftsoner.

Med vennleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingselskap IKS

Sakshandsamar: Prosjektleiar Bent Gunnar Næss – tlf. 48 12 46 23

Kopi: Kommunane i Nordhordland
Fylkesmannen i Hordaland

